



Fråvære og permisjon

Akutt fråvære:

Når barnet/ungdommen er borte frå opplæringa, ber me de sender melding via epost eller telefon til kontaktlærer same morgon. Me ber de sende melding kvar morgon ved eks. sjukdom over fleire dagar.

Kvar klasse har sin eigen mobiltelefon. De sender melding til denne. Telefonnummeret finn de under kontaktinformasjon. Alternativt kan de gi melding til administrasjonen. For barn med plass i SFO er det nok å gi melding til kontaktlærer om fråvær. Han/ho vil formidla denne vidare til SFO.

NB! For dei yngste elevane er det særskilt viktig å gi tidleg melding, slik at me kan vera trygg på at det ikkje er andre årsaker til at eleven er borte frå skulen.

Planlagt fråvære:

Ved planlagt fråvære skal det meldast frå i god tid. Med i god tid meinast minst ei veke i forkant. Kontaktlærer kan gi fri for inntil to dagar. Er det behov for fri fleire dagar, må det søkjast permisjon. Dette blir gjort digitalt frå heimesida til skulen. Denne søknaden blir vurdert av rektor, og de får svarbrev med ja eller nei til permisjon.

Det blir gjort ei **individuell vurdering** av elevens læringsutvikling når det gjeld spørsmål om permisjon. Skulen sitt oppdrag er å gi elevane kunnskap. For å kunne gjera den jobben, treng me å ha elevane på skulen. Dermed kan skulen koma til å gi avslag på søknadar om permisjon.

Det vert ikkje gitt permisjon i følgjande periodar for elevar som skal ha:

- Nasjonale kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøvar
- Tentamens- og eksamensperiodar for elevar på ungdomsskulen

Det vert understreka at foreldra overtek opplæringsansvaret når eleven har permisjon. I det ligg det at ein oppdaterer seg på arbeidsplanar og leksearbeid i permisjonsperioden. Ein permisjonsperiode skal ikkje gi meirarbeid for undervisningspersonalet.

For lengre fråvære, over 15 dagar, kan eleven bli skrive ut frå skulen. Skulen kan ikkje ha eit opplæringsansvar når eleven ikkje er på skulen. Dette gjeld sjølv sagt ikkje om det er helsemessige eller andre naturlege grunnar til fråværet.

Er eleven borte frå opplæringa utan at det er meldt frå om, eller det er ikkje er søkt om permisjon og/eller innvilga permisjon i forkant, blir dette registrert som udokumentert fråvære. Vel føresette å ta eleven ut av skulen ved avslag på søknad om permisjon, blir dette registrert som udokumentert fråvære.

Bekymringsfullt fråvære:

Elevar som har 10 dagar eller meir fråvære per semester (haust/vår) har det me kan kalla eit bekymringsfullt fråvære. Vindafjord kommune har ei rutine for kva skulen skal gjera for å følgja opp dette. I første runde vil kontaktlærer ta kontakt for å høyra kva årsaken til det høge fråværet kan vera, og drøfta aktuelle tiltak med føresette.



Fråvære og permisjon

Kontroll med fråværet:

Kontaktlærer held kontroll med fråværet til kvar elev, og skal melda frå til rektor om fråværet kjem opp i eit bekymringsfullt nivå.

Fri frå SFO:

Skal eleven ha fri frå SFO ein dag, **MÅ det bli gitt SKRIFTLEG MELDING.** Munnleg melding frå eleven kan me ikkje godta ut frå tryggleiksvurderingar. De kan gi melding til administrasjonen, eller senda SMS/ringa til SFO. Sjå kontaktinformasjon for telefonnummer.